

Møtebok 9 – 24

Moster sokneråd

08.10. 2024

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Elisabeth Jacobsen, Gerda Bondø, Aksel Lygre, Elisabeth Gjøsæther Løkling og Arthur Anglevik.

Me møtte opp kl.17.30, for å rydde og sjå kva som må ordnes. Me rydda i våpenhuset. Der er litt som må gjerast:

Sparkle og male over hull, ansvar: Arthur Anglevik

Eit ekstra spegel, ansvar: Rune Sivertsen

Ekspangolett på døra: Hans Magne Nesse Stokka

Eine brannslukkingsapparatet treng oppheng/ eller heilt nytt: Rune Sivertsen

Det skal henges opp bilete av fire prestar: Gunnvald Bjotveit, Roald Drønen, Fridleif Lydersen, Kjell Sandvik

I dåpssakrestiet må ein skaffe stellematte, ansvar; Elisabeth Jacobsen

Sak 92 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 10.september og innkalling.

Vedtak: Innkalling vart godkjent med ei ekstra sak. Møtebok vart godkjent.

Sak 93 – 24 Oppfølging av tidlegare saker

***Evaluering av temakveld 3.oktober**

Kjekt og interessant tema, bra frammøte.

***Evaluering av gospelgudsteneste 29.september.**

Positive tilbakemeldingar

***Komité for hefte om nytt orgel – kvar står saka?**

Komiteen er Randi Olsen, Øystein Skullerud og Gunnvald Bjotveit

Vedtak: hefta vert gratis med høve til å gi ei gåve. Det vert eit opplag på 200 stk. Formatet likt som Moster 2024 heftet. Første målsetting er å få heftet ferdig til årsmøte eller seinast på årsdagen for innviinga av orgelet.

***Jubileumsgudsteneste – og helg. Kvar står saka?**

Invitasjonar er sendt, gudstenesta er organisert. Til kyrkjekaffien må ein rekne med ca. 150 personar. Me treng minst 15 kaker.

Vedtak:

Ansvar for bord/ kontakt med Salem; Rune Sivertsen og Hans Magne Nesse Stokka.

Ansvar for innkjøp og pynting; Elisabeth Jacobsen, Elisabeth G. Løkling, Gerda Bonde, Solveig Eikeland

Ansvar for å ha oversikt over kaker,: Elisabeth Jacobsen

Sokneprest og soknerådsleiar deler på oppgåva med å leie kyrkjekaffien.

Kulturelt innslag ved skulekorpset, soknerådet spør.

***Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening. TOL-utvalet har saka. Korleis går det?**

Dette vert arbeid vidare med.

***Ta grep i ein vanskeleg økonomisk situasjon – foldar. Kvar står saka?**

Foldaren er klar til gudstenesta på søndag. Dette må også med i kunngjeringane kvar gudstenesta.

***Nådegavekurs. Kvar står saka?**

Tidspunkt: alternativ er første eller andre helga i september 2025

Samarbeidspartnarar; bedehusa, Sion, Betania, Kristent fellesskap

Materiell: boka «Nådegåvenes tre farger»

Sak 94 – 24 Oversikt over arrangementa vidare i haust

Avskjed med prosten 20.10 kl.17 i Stord kyrkje. Eigen invitasjon, soknerådsleiar orienterar. 27.oktober, 4-årsbok. Felleskyrkjeleg songkveld 7.november. Lys Vaken 9.-10.november.

Vedtak: Soknerådsleiar oppfordrar alle til å gå på avskjedgudsteneste.

Felleskyrkjeleg songkveld 7.nov. Rune handlar inn frukt, twist og kjeks.

Aksel Lygre leiar songkvelden.

Sak 95 – 24 Datoar for soknerådsmøte våren 2025

Vedtak: Soknerådet har møte fylgjande datoar våren 2025:

14.januar – samling med tilsette, representantar frå utval og nokre frivillige;

11.februar – samling med TOL

11.mars,

Årsmøte 20.mars,

7.april,

6.mai,
10.juni – sommaravslutting.

Sak 96 – 24 Datoar for temakveldar våren 2025 og komité for desse kveldane vidare

Vedtak: Fylgjande kveldar vert sette av til temakveldar:

16.januar – Elin Minde, om forfølgde kristne - Stefanusalliansen

13.februar – i regi av utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv,

5.mars – onsdag – fastegudsteneste,

20.mars, det vert kort bibeltime med tema på årsmøte

10.april – Menneskeverd, Aksel Lygre tek kontakt med organisasjonen.

Sak 97 – 24 Kyrkjeofringar i 2025

Vedtak: Kasserar, leiar og sokneprest utarbeider ei liste med forslag til neste soknerådsmøte.

Sak 98 – 24 Ny representant til støttegruppa for Moster gamle kyrkje.

Vedtak: Rune Sivertsen får i oppgåve å spørje nokre personar, etter ei oppsett lista

Sak 99 – 24 Budsjett for 2025

Kasserar legg fram forslag til budsjett.

Vedtak: Framlegg til budsjett vart drøfta og godkjent med nokre endringar. Sjå vedlegg til referat.

Sak 100 – 24 Referat og meldingar

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv: sjå referat

TOL-utvalet – sjå referat

Diakoniutvalet – ikkje møte

Fellesråd og administrasjon:- ikkje møte

Estlandskomiteen: Får besøk frå Estland siste helga i mars. Nokre representantar deltek på gudstenesta og er med på planlegging av sommarleir

Sak 101 – 2024 vigsling av orgel

Vedtak: Avtala dato med prosten, forslag 19.01.25 eller 02.02.25 Aksel Lygre ordnar dette.